

Møteprotokoll

GISKE KOMMUNESTYRE

Møtedato: 26.02.2026
Møtestad: Giske rådhus, kommunestyresalen
Møtetid: Kl 17:00 - 21:00

Av medlemmer møtte:

Kåre Sæter
Geir Arne Dyb
Roger Johnsen Solem
Roger Solem
Øyvind Fosse
Kenneth Langvatn
Kjersti Valdehaug Bakke
Stig Gjethammer
Gøran Follestad
Elin Støbakk
Ernst Jarle Valderhaug
Marit G. Alnes
Svein Kåre Aarseth
Monika Vartdal Giske
Olav Sindre Roald
Randi Birgitte Kleivan
Marit Vik
Mona Vartdal Dimmen

Parti

Ap
FrP
FrP
FrP
FrP
H
H
H
INP
KrF
KrF
KrF
KrF
Sp
TLG
TLG
V
V

Av varamedlemmer møtte:

Caroline Odden Giske
Toril Helene Molnes
Kristin Støbakk
Renate Giske
Sissel Fuglstad
Ole Jogeir Furnes

Parti

Ap
FrP
H
KrF
MDG
Sp

Av medlemmer møtte ikkje:

Lina Blindheimsvik Røssevold
Steinar Holm

Parti

Ap
FrP

Louise Kristin Haahjem
Harry Valderhaug
Andreas Rørvik Godø
Ola André Kalvøy

H
KrF
MDG
Sp

Frå administrasjonen: Kommunedirektør Karl André Birkhol, kommunalsjef Åse Elisabeth Skjærseth, Lene Bjørlo Overå, Hilde Kristin Røsvik, økonomisjef Ann Kristin Thu, beredskapsrådgjevar Cecilie Holen.

Habilitet: Ingen innmelde

Innkalling og sakliste: Godkjende utan merknad

Godkjenning av protokoll frå dagens møte: Marit G. Alnes og Roger Solem.

Møteleiar:	Kenneth Langvatn
Politisk sekretær:	Ingvild Nautvik

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
001/26	Godkjenning av møteprotokoll
002/26	Orienteringar, grunngjevne spørsmål, diverse
003/26	Referatsaker
004/26	Val av styremedlem og vara til Sunnmøre Friluftsråd 2026-2028
005/26	Pride 2026 - Giske Venstre fremjar sak
006/26	Val av styre til Giske hamnevesen KF
007/26	Revisor Giske hamnevesen KF
008/26	Reguleringsendring etter forenkla prosess - Jussbakken
009/26	Forskrift om skule og feriedagar 2026-2027
010/26	Oversikt fysiske læreverk i skulen 1.-4. trinn 2025/2026
011/26	Ny salsbevilging for alkohol i gruppe 1 til Øysenteret Lavpris AS
012/26	Revisjon av Beredskapsplan
013/26	Revisjon av Styringsdokument - Temaplan for samfunnssikkerheit og beredskap
014/26	Forslag til beredskapsløysing for RV658 Valderøytunnelen - Høyring
015/26	Skattetakstnemnd - sakkunnig nemnd 2026 - 2027
016/26	Eigedomsstrategi - mandat
017/26	Rettleiar for tildeling av helse- og omsorgstenester
018/26	Rettleiar koordinerte tenester barn og unge
019/26	Revidert handlingsplan mot vald i nære relasjonar
020/26	Generalforsamling i Giske kommunale legesenter AS



Giske kommune
historisk og framtidsretta

Arkiv:

JournalpostID: 26/803-1

Sakshandsamar: Ingvild Nautvik

Dato: 19.02.2026

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske kommunestyre	26.02.2026	001/26

Godkjenning av møteprotokoll

Innstilling:

Møteprotokollen blir godkjend.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

K - 001/26 Vedtak:

Møteprotokollen blir godkjend.

Vedlegg

Møteprotokoll - Giske kommunestyre - 11.12.2025



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske kommunestyre	26.02.2026	002/26

Orienteringar, grunngjevne spørsmål, diverse

Innstilling:

Saka vert tatt til vitande.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Orientering frå ordførar:

Tilsetjing av hamnesjef i Giske hamnevesen.

Negativt vedtak om freding av Vigra kringkastar og oppheving av mellombels freding.

Positivt driftsresultat for 2025. Kort presentasjon frå økonomisjef Ann Kristin Thu.

Grunngjevne spørsmål frå Marit Vik (V):

Status kulturplan. Kulturleiar Ingvild Nautvik svara ut. Spørsmål og svar ligg vedlagt

Om forbod taretråling. Spørsmål vedlagt. Vart svara ut av ordførar. Ber kommunedirektør legge fram sak for planutvalet.

Om statleg sikring av friluftsområde. Kulturleiar Ingvild Nautvik svara ut. Spørsmål og svar ligg vedlagt.

Diverse spørsmål:

Kåre Sæter (Ap): Busstoppar.

K - 002/26 Vedtak:

Saka vert tatt til vitande.

Vedlegg

Grunngjevne spørsmål 26.02.26



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske kommunestyre	26.02.2026	003/26

Referatsaker

Innstilling:

Referatsakene blir tatt til vitande.

Underliggende saker:

Saksnr.	Tittel
001/26	Godkjenning av møteprotokoll - Giske kommunestyre - 11.12.2025 - Signert
002/26	Signert avtale om uttrede mellom Ålesundregionens havnevesen IKS og Giske kommune
003/26	Signert driftsavtale mellom Ålesundregionens havnevesen IKS og Giske Hamnevesen KF
004/26	Temaplan: Internkontroll og kvalitet i Giske kommune 2026 - 2029
005/26	Budsjettendring sluttoppgjør ÅRH
006/26	Møteprotokoll 29.01.2026 Giske kontrollutval - til kommunestyret
007/26	Årsmelding 2025 - Giske kontrollutval - rapport til kommunestyret

Giske kommunestyre 26.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

K - 003/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til vitande.



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske kommunestyre	26.02.2026	004/26

Val av styremedlem og vara til Sunnmøre Friluftsråd 2026-2028

Innstilling:

Giske kommunestyre vel følgjande til styret i Sunnmøre Friluftsråd:

Fast medlem:

Varamedlem:

Giske kommunestyre 26.02.2026

Fast medlem i styret for Sunnmøre Friluftsråd 2026-2028, foreslått av Marit Vik, Venstre
Jan Ove Skodje

Marit G. Alnes (KrF) fremja forslag om Louise Haahjem (H) som varamedlem.

Vik sitt forslag vart samrøystes godkjend.

Alnes sitt forslag vart samrøystes godkjend.

K - 004/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vel følgjande til styret i Sunnmøre Friluftsråd:

Fast medlem: Jan Over Skodje

Varamedlem: Louise Haahjem

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	10.11.2025	118/25
Giske kommunestyre	26.02.2026	005/26

Pride 2026 - Giske Venstre fremjar sak

Innstilling:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Tilråding frå formannskapet med merknad om endring., foreslått av Marit G. Alnes, Kristeleg Folkeparti

Giske kommunestyre støttar Ungdomsrådet sitt initiativ til å markere Pride 2026 gjennom eit eige arrangement i Giske.

Ordførar stiller seg til disposisjon overfor Ungdomsrådet i høve planlegging og førebuing av eit slikt arrangementet, og sjølv vurdere aktiv deltaking på arrangementet. Vidare blir Kommunedirektøren beden om å bidra med ein administrativ ressurs som støtte for Ungdomsrådet i deira førebuingsarbeid fram mot eit slikt arrangement.

Eventuelt økonomisk bidra vert å kome attende til.

Forslag til tillegg, foreslått av Kåre Sæter, Arbeiderpartiet

Livsløpsutvalget vert tekne med i arbeidet med å hjelpe Ungdomsrådet til ei Pride-markering.

Formannskapet si tilråding: Tilrådinga vedtatt med 14 mot 9. 4 Frp, 4 KrF, 1 UAVH (tidl. INP) røysta imot.

Alnes sitt endringsforslag mot formannskapet si: vart godkjend med 19 mot 4 røyster. Ap, MDG, 1SP røysta imot forslaget.

Sæter sitt tilleggsforslag: Ikkje godkjend med 9 mot 14 røyster. 2 H, 3 KrF, 2 Sp, 4 FrP og 1 UAVH (tidl.INP) og 2 TLG røysta imot forslaget.

K - 005/26 Vedtak:

Giske kommunestyre støttar Ungdomsrådet sitt initiativ til å markere Pride 2026 gjennom eit eige arrangement i Giske.

Ordførar stiller seg til disposisjon overfor Ungdomsrådet i høve planlegging og førebuing av eit slikt arrangementet, og sjølv vurdere aktiv deltaking på arrangementet. Vidare blir Kommunedirektøren beden om å bidra med ein administrativ ressurs som støtte for Ungdomsrådet i deira førebuingsarbeid fram mot eit slikt arrangement.

Eventuelt økonomisk bidra vert å kome attende til.

Giske formannskap 10.11.2025

Forslag frå H og V: *"Giske kommunestyre støttar Ungdomsrådet sitt initiativ til å markere Pride 2026 gjennom eit eige arrangement i Giske.*

Giske kommunestyre ber Ordførar stille seg til disposisjon overfor Ungdomsrådet i høve planlegging og førebuing av eit slikt arrangementet, og sjølv vurdere aktiv deltaking på arrangementet. Vidare blir Kommunedirektøren beden om å bidra med ein administrativ ressurs som støtte for Ungdomsrådet i deira førebuingsarbeid fram mot eit slikt arrangement.

Eventuelt økonomisk bidra vert å kome attende til."

Forslag frå Marit Vik (V) og Kenneth Langvatn (H) vart samrøystes godkjend.

F - 118/25 Vedtak:

Giske kommunestyre støttar Ungdomsrådet sitt initiativ til å markere Pride 2026 gjennom eit eige arrangement i Giske.

Giske kommunestyre ber Ordførar stille seg til disposisjon overfor Ungdomsrådet i høve planlegging og førebuing av eit slikt arrangementet, og sjølv vurdere aktiv deltaking på arrangementet. Vidare blir Kommunedirektøren beden om å bidra med ein administrativ ressurs som støtte for Ungdomsrådet i deira førebuingsarbeid fram mot eit slikt arrangement.

Eventuelt økonomisk bidra vert å kome attende til.

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	23.02.2026	024/26
Giske kommunestyre	26.02.2026	006/26

Val av styre til Giske hamnevesen KF

Innstilling:

1. Giske kommunestyre vel ordførar Kenneth Langvatn som styreleiar, og varaordførar Marit G. Alnes som nestleiar for styret i Giske hamnevesen KF
2. Følgande blir valt til faste medlemmer av styret i Giske hamnevesen KF:
 - Lina Blindheimsvik Røssevold
 - Geir Arne Dyb
 - Monika Vartdal Giske
 - Olav Sindre Roald
 - Marit Vik
3. Følgande blir valt, i nummerert rekkefølge, til varamedlemmer av styret i Giske hamnevesen KF:
 1. Louise Haahjem (H)
 2. Andreas Godø Rørvik (MDG)
 3. Gøran Follestad (INP)
 4. Kjersti Valderhaug Bakke (H)
 5. Øyvind Fosse (FrP)
 6. Ola - André Kalvøy (Sp)

Giske kommunestyre 26.02.2026

Innstillinga vart fremja av ordførar og vart samrøystes godkjend.

K - 006/26 Vedtak:

1. Giske kommunestyre vel ordfører Kenneth Langvatn som styreleiar, og varaordfører Marit G. Alnes som nestleiar for styret i Giske hamnevesen KF
2. Følgande blir valt til faste medlemmer av styret i Giske hamnevesen KF:
 - Lina Blindheimsvik Røssevold
 - Geir Arne Dyb
 - Monika Vartdal Giske
 - Olav Sindre Roald
 - Marit Vik
3. Følgande blir valt, i nummerert rekkefølge, til varamedlemmer av styret i Giske hamnevesen KF:
 1. Louise Haahjem (H)
 2. Andreas Godø Rørvik (MDG)
 3. Gøran Follestad (INP)
 4. Kjersti Valderhaug Bakke (H)
 5. Øyvind Fosse (FrP)
 6. Ola - André Kalvøy (Sp)

Giske formannskap 23.02.2026

F - 024/26 Vedtak:

Saka vart trekt og går rett vidare til kommunestyret.



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske kommunestyre	26.02.2026	007/26

Revisor Giske hamnevesen KF

Innstilling:

Giske kommunestyre viderefører kommunen si revisjonsordning og revisjonsfirma, og vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Giske hamnevesen KF

Giske kommunestyre 26.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

K - 007/26 Vedtak:

Giske kommunestyre viderefører kommunen si revisjonsordning og revisjonsfirma, og vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Giske hamnevesen KF



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Teknisk utval	18.12.2025	064/25
Giske kommunestyre	26.02.2026	008/26

Reguleringsendring etter forenkla prosess - Jussbakken

Innstilling:

Giske kommune eigengodkjenner på nytt reguleringsplan for Jussbakken, med vedlagte endring frå gang- sykkelveg til fortau.

Vedtaket heimlast i plan- og bygningslova §§ 12-12 og 12-14.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Tilrådinga frå teknisk utval vart samrøystes godkjend.

K - 008/26 Vedtak:

Giske kommune eigengodkjenner på nytt reguleringsplan for Jussbakken, med vedlagte endring frå gang- sykkelveg til fortau.

Vedtaket heimlast i plan- og bygningslova §§ 12-12 og 12-14.

Teknisk utval 18.12.2025

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

TU - 064/25 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommune eigengodkjenner på nytt reguleringsplan for Jussbakken, med vedlagte endring frå gang- sykkelveg til fortau.

Vedtaket heimlast i plan- og bygningslova §§ 12-12 og 12-14.



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Livsløpsutvalet	12.02.2026	004/26
Giske kommunestyre	26.02.2026	009/26

Forskrift om skule og feriedagar 2026-2027

Innstilling:

Endeleg forslag til forskrift om skule og feriedagar blir vedtatt av Livsløpsutvalet og Kommunestyret

Giske kommunestyre 26.02.2026

Innføring av skulebøker i 1-4 klasse, foreslått av Øyvind Fosse, Fremskrittspartiet
Giske Frp foreslår følgende : Vi foreslår at livsløpsutvalget sitt forslag til modell 3 blir innført fra skoleåret 26-27, som minimum.

Tilrådinga frå Livsløpsutvalet vart samrøystes godkjend.

K - 009/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtek forskrift om skule og feriedagar 2026-2027 slik den ligg føre i saka.

Livsløpsutvalet 12.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjent.

LU - 004/26 Vedtak:

Endeleg forslag til forskrift om skule og feriedagar blir vedtatt av Livsløpsutvalet og Kommunestyret

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Livsløpsutvalet	12.02.2026	005/26
Giske kommunestyre	26.02.2026	010/26

Oversikt fysiske læreverk i skulen 1.-4. trinn 2025/2026

Innstilling:

Med bakgrunn i kartlegginga av status for fysiske læreverk og dei samla økonomiske vurderingane, vert det tilrådd at kommunestyret:

1. Prioriterer auka tilgang på fysiske lærebøker i småskulen (1.–4. trinn), særleg i norsk og matematikk, som ein del av arbeidet med å styrkje grunnleggande ferdigheiter.
2. Ber kommunedirektøren utarbeide ein heilskapleg læremiddelstrategi som ser fysiske læreverk, digitale lisensar og teknisk utstyr i samanheng, med mål om betre kostnadskontroll og pedagogisk balanse.
3. Legg opp til ei trinnvis og langsiktig finansiering av fysiske klassesett gjennom budsjettet for 2027 og vidare økonomiplanperiode, slik at investeringar i varige læremiddel ikkje vert fortrengde av årlege lisenskostnader.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Tilrådinga frå Livsløpsutvalet med merknad vart samrøystes godkjend.

K - 010/26 Vedtak:

Med bakgrunn i kartlegginga av status for fysiske læreverk og dei samla økonomiske vurderingane, vedtek Giske kommunestyre

1. Prioritere auka tilgang på fysiske lærebøker i småskulen (1.–4. trinn), særleg i norsk og matematikk, som ein del av arbeidet med å styrkje grunnleggande ferdigheiter.
2. at kommunedirektøren utarbeider ein heilskapleg læremiddelstrategi som ser fysiske læreverk, digitale lisensar og teknisk utstyr i samanheng, med mål om betre kostnadskontroll og pedagogisk balanse.

3. Legg opp til ei trinnvis og langsiktig finansiering av fysiske klassesett gjennom budsjettet for 2027 og vidare økonomiplanperiode, slik at investeringar i varige læremiddel ikkje vert fortrenge av årlege lisenskostnader.

Kommunestyret tilrår å nytte modell C i det vidare arbeid. Ein må sikre lydbøker tilgjengeleg som alternativ til lærebøkene

Livsløpsutvalet 12.02.2026

Merknad frå Livsløpsutvalet:

Livsløpsutvalet tilrår å nytte modell C i det vidare arbeid. Ein må sikre lydbøker tilgjengeleg som alternativ til lærebøkene.

Innstillinga med merknad vart samrøystes godkjent.

LU - 005/26 Vedtak:

Med bakgrunn i kartlegginga av status for fysiske læreverk og dei samla økonomiske vurderingane, vert det tilrådd at kommunestyret:

1. Prioriterer auka tilgang på fysiske lærebøker i småskulen (1.–4. trinn), særleg i norsk og matematikk, som ein del av arbeidet med å styrkje grunnleggande ferdigheiter.
2. Ber kommunedirektøren utarbeide ein heilskapleg læremiddelstrategi som ser fysiske læreverk, digitale lisensar og teknisk utstyr i samanheng, med mål om betre kostnadskontroll og pedagogisk balanse.
3. Legg opp til ei trinnvis og langsiktig finansiering av fysiske klassesett gjennom budsjettet for 2027 og vidare økonomiplanperiode, slik at investeringar i varige læremiddel ikkje vert fortrenge av årlege lisenskostnader.

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	23.02.2026	014/26
Giske kommunestyre	26.02.2026	011/26

Ny salsbevilling for alkohol i gruppe 1 til Øysenteret Lavpris AS

Innstilling

Giske kommune gir ny salsbevilling til Øysenteret Lavpris AS (organisasjonsnummer 975 810 100) for sal av alkoholholdig drikk gruppe 1 (alkohol under 4,7 volumprosent, øl og rusbrus). Bevillinga gjeld frå vedtaket er gjort og til og med 30.09.2028.

Heimel: lov om alkoholholdig drikk av 02.06.1989 [§ 1-7](#), (jf. [§ 1-6](#) og [kapittel 3](#)), samt [alkoholpolitisk handlingsplan for Giske kommune 2024 – 2028](#).

Ansvarleg for salsløyve er Siri Hustad, og vara er Håvard Andre Farstad.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes godkjend.

K - 011/26 Vedtak:

Giske kommune gir ny salsbevilling til Øysenteret Lavpris AS (organisasjonsnummer 975 810 100) for sal av alkoholholdig drikk gruppe 1 (alkohol under 4,7 volumprosent, øl og rusbrus). Bevillinga gjeld frå vedtaket er gjort og til og med 30.09.2028.

Heimel: lov om alkoholholdig drikk av 02.06.1989 § 1-7, (jf. § 1-6 og kapittel 3), samt alkoholpolitisk handlingsplan for Giske kommune 2024 – 2028.

Ansvarleg for salsløyve er Siri Hustad, og vara er Håvard Andre Farstad.

Giske formannskap 23.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 014/26 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommune gir ny salsbevilling til Øysenteret Lavpris AS (organisasjonsnummer 975 810 100) for sal av alkoholholdig drikk gruppe 1 (alkohol under 4,7 volumprosent, øl og rusbrus). Bevillinga gjeld frå vedtaket er gjort og til og med 30.09.2028.

Heimel: lov om alkoholholdig drikk av 02.06.1989 [§ 1-7](#), (jf. [§ 1-6](#) og [kapittel 3](#)), samt [alkoholpolitisk handlingsplan for Giske kommune 2024 – 2028](#).

Ansvarleg for salsløyve er Siri Hustad, og vara er Håvard Andre Farstad.

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	23.02.2026	019/26
Giske kommunestyre	26.02.2026	012/26

Revisjon av Beredskapsplan

Innstilling:

Giske kommunestyre vedtek Beredskapsplan for Giske kommune 2026.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Svar på innsende spørsmål ligg som vedlegg i saka.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes godkjend.

K - 012/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtek Beredskapsplan for Giske kommune 2026.

Giske formannskap 23.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 019/26 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre vedtek Beredskapsplan for Giske kommune 2026.



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	23.02.2026	020/26
Giske kommunestyre	26.02.2026	013/26

Revisjon av Styringsdokument - Temaplan for samfunnssikkerheit og beredskap

Innstilling:

Giske kommunestyre vedtek Styringsdokument - Temaplan for samfunnssikkerheit og beredskap.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Tilrådinga vart samrøystes godkjend.

K - 013/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtek Styringsdokument - Temaplan for samfunnssikkerheit og beredskap.

Giske formannskap 23.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 020/26 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre vedtek Styringsdokument - Temaplan for samfunnssikkerheit og beredskap.



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	23.02.2026	025/26
Giske kommunestyre	26.02.2026	014/26

Forslag til beredskapsløysing for RV658 Valderøytunnelen - Høyring

Innstilling:

Giske kommunestyre ber kommunedirektøren utforme og sende inn høyringssvar som adresserer innspel frå beredskapsleiinga og kommunestyret.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

K - 014/26 Vedtak:

Giske kommunestyre ber kommunedirektøren utforme og sende inn høyringssvar som adresserer innspel frå beredskapsleiinga og kommunestyret.

Giske formannskap 23.02.2026

Formannskapet har gitt følgjande tilbakemeldingar som kommunedirektøren tek med seg vidare i arbeidet med ein evt høyringsuttale:

- Må ta ansvar for kritikk om dei ikkje finn ei betre løysing
- Flatholmen eller Hofland kan vere alternativ
- Hofland er lite lurt å ha med om ein bruker argument om utrykning (lang tid å køyre rundt)
- Fergelemmen er tilpassa utrangert ferge
- Må tilpasse fergelem til dei nye fergene
- Mellombels løysing ein kan montere på ferdig kai

- Overfartstid er ikkje nemnt i forslaget deira
- Kapasitet er ikkje tydeleg nok i forslaget deira
- Trafikken er konsentrert til 7-8 om morgonen og 15-17 om ettermiddag
- Lange køer
- Ikkje berre lengda på fergeturane, men konsekvensane til innbyggjarane
- Konsekvensane er så store for samfunnet til næringslivet og familiane at vi må heve ambisjonsnivået og finne betre løysingar
- Konsekvensar for heile regionen ikkje berre dei som bur her
- Har dei konkrete planar for nødetatane
 - Luftbru frå Åse sjukehus
 - Ressurstilgangar for helikopter sjukehuset har
 - Koordinering ambulanse her
- Opprette eit nivå til som dekker mykje meir enn stengt i 8 timar (dagar/veker/månader)
- Ikkje verke hysterisk og ville ha på plass fergekai etter 8 timar

F - 025/26 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre ber kommunedirektøren utforme og sende inn høyringssvar som adresserer innspel frå beredskapsleiinga og kommunestyret.



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske kommunestyre	26.02.2026	015/26

Skattetakstnemnd - sakkunnig nemnd 2026 - 2027

Innstilling:

Giske kommunestyre vel følgjande medlem til skattetakstnemnd for 2026 - 2027:

Kommunestyret vel som leiar ogsom nestleiar i nemnda.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Forslag frå ordførar Kenneth Langvatn (H):

Robert Skjong - leiar
Grete Ingebjørg Roald - nestleiar
Anne Lovise Stornes Ytterland

Forslaget vart samrøystes godkjend.

K - 015/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vel følgjande medlem til skattetakstnemnd for 2026 - 2027

Robert Skjong - leiar
Grete Ingebjørg Roald - nestleiar
Anne Lovise Stornes Ytterland



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	23.02.2026	013/26
Giske kommunestyre	26.02.2026	016/26

Eigedomsstrategi - mandat

Innstilling:

Kommunedirektøren ber om mandat til å utarbeide forslag til eigedomsstrategi for Giske kommune i hht vedlegg.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Alternativ forslag, foreslått av Kenneth Langvatn, Høyre

Kommunestyret ber Kommunedirektøren utarbeide forslag til eigedomsstrategi for Giske kommune etter mandatet som ligg føre i saka, med følgande presisering:

Mandatet må samsvare med kommunestyret si tyding av Kommuneplanens samfunnsdel si omtale av «samordning av tenester på Valderhaugstrand». Tydinga er ikkje at alle allmenne tenester og formål i kommunen skal samordnast til Valderhaugstrand, men at dei allmenne tenestene og formåla som finnast på Valderhaugstrand skal samordnast.

Endeleg forslag til eigedomsstrategi leggst fram for godkjenning av kommunestyret.

Alternativ votering mellom formannskapet si tilråding mot Langvatn sitt forslag. Langvatn (H) sitt forslag vart samrøystes godkjend.

K - 016/26 Vedtak:

Kommunestyret ber Kommunedirektøren utarbeide forslag til eigedomsstrategi for Giske kommune etter mandatet som ligg føre i saka, med følgande presisering:

Mandatet må samsvare med kommunestyret si tyding av Kommuneplanens samfunnsdel si omtale av «samordning av tenester på Valderhaugstrand». Tydinga er ikkje at alle allmenne

tenester og formål i kommunen skal samordnast til Valderhaugstrand, men at dei allmenne tenestene og formåla som finnast på Valderhaugstrand skal samordnast.

Endeleg forslag til eigedomsstrategi leggst fram for godkjenning av kommunestyret.

Giske formannskap 23.02.2026

Tilleggsforslag, foreslått av Kenneth Langvatn, Høyre

Mandatet må samsvare med kommunestyret si tyding av Samfunnsdelen si omtale av samordning av tenester på Valderhaugstrand. Ikkje at alle allmenne tenester og formål i kommunen skal samordnast til Valderhaugstrand, men at dei allmenne tenestene og formåla som finnast på Valderhaugstrand skal samordnast.

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

Tilleggsforslaget frå Langvatn (H) vart samrøystes godkjend.

F - 013/26 Vedtak:

Tilråding:

Kommunedirektøren ber om mandat til å utarbeide forslag til eigedomsstrategi for Giske kommune i hht vedlegg.

Mandatet må samsvare med kommunestyret si tyding av Samfunnsdelen si omtale av samordning av tenester på Valderhaugstrand. Ikkje at alle allmenne tenester og formål i kommunen skal samordnast til Valderhaugstrand, men at dei allmenne tenestene og formåla som finnast på Valderhaugstrand skal samordnast.

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske eldreråd	09.02.2026	003/26
Giske formannskap	23.02.2026	015/26
Giske kommunestyre	26.02.2026	017/26
Livsløpsutvalet	12.02.2026	006/26
Giske ungdomsråd	10.02.2026	005/26
Råd for menneske med funksjonsnedsetting	12.02.2026	003/26

Rettleiar for tildeling av helse- og omsorgstenester

Innstilling:

Giske kommunestyre vedtek "Rettleiande tildelingskriterier for helse- og omsorgstenester" slik dei ligg føre i saka.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Alternativt forslag, foreslått av Kenneth Langvatn, Høyre

Giske kommunestyre vedtek «Rettleiar for tildeling av helse- og omsorgstenester» slik den ligg føre i saka, med følgande endring:

- Eit nytt kapittel 1.7 – Unntak frå tildelingsprinsippet, etablerast. Administrasjonen utarbeidar i dette kapittelet ei enkel skildring av tenester som skal unntakast frå det ordinære tildelingsprinsippet. Føremålet er at enkelte små tenester som rettleiaren elles ikkje nemner, må kunne utførast på avrop frå til dømes spesialisthelsetenestene, utan å gå gjennom ein ressurskrevjande og byråkratisk prosess for tildeling, før tenestene kan utførast. Dette for å nedfelle i rettleiaren dagens gode praksis.

Kommunestyret ber vidare Kommunedirektøren kome attende med sak til kommunestyret om implementering av pakkeforløp demens i Giske. Dette skal så vurderast innarbeidd i rettleiaren med det føremål å gi heilskaplege og føreseielege tenester som gagnar pasient, pårørande og tenestegivar.

Ved alternativ votering fell formannskapet si tilråding. Forslaget frå Langvatn (H) vart samrøystes godkjend.

K - 017/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtek «Rettleiar for tildeling av helse- og omsorgstenester» slik den ligg føre i saka, med følgande endring:

- Eit nytt kapittel 1.7 – Unntak frå tildelingsprinsippet, etablerast. Administrasjonen utarbeidar i dette kapittelet ei enkel skildring av tenester som skal unntakast frå det ordinære tildelingsprinsippet. Føremålet er at enkelte små tenester som rettleiaren elles ikkje nemner, må kunne utførast på avrop frå til dømes spesialisthelsetenestene, utan å gå gjennom ein ressurskrevjande og byråkratisk prosess for tildeling, før tenestene kan utførast. Dette for å nedfelle i rettleiaren dagens gode praksis.

Kommunestyret ber vidare Kommunedirektøren kome attende med sak til kommunestyret om implementering av pakkeforløp demens i Giske. Dette skal så vurderast innarbeidd i rettleiaren med det føremål å gi heilskaplege og føreseielege tenester som gagnar pasient, pårørande og tenestegivar.

Giske formannskap 23.02.2026

Framlegg til vedtak, foreslått av Kenneth Langvatn, Høyre

Kommunestyret ber om at rettleiaren blir ombygd for å oppnå samanheng i tenestene gjennom auka bruk av pakkeforløp, med spesiell vekt på demens. Formålet er å gi brukarar og pårørande føreseieleg oppfølging.

Rettleiaren må legge føringar for at små tenester ikkje skal handterast gjennom søknad og tildelingsvedtak, dei skal kort og godt gjennomførast så snart behovet meldast inn enten frå brukar/pasient, pårørande, fastlege, spes.helseteneste eller egne kommunale tenesteeiningar. Kva tenester som inngår i denne kategorien kan definerast ved bruk av døme. Formålet er å fjerne uhensiktsmessig saksbehandling og å gjennomføre tenestene utan opphald.

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

Tilleggsforslaga frå Langvatn (H) vart samrøystes godkjend.

F - 015/26 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre vedtek "Rettleiande tildelingskriterier for helse- og omsorgstenester" slik dei ligg føre i saka.

Kommunestyret ber om at rettleiaren blir ombygd for å oppnå samanheng i tenestene gjennom auka bruk av pakkeforløp, med spesiell vekt på demens. Formålet er å gi brukarar og pårørande føreseieleg oppfølging.

Rettleiaren må legge føringar for at små tenester ikkje skal handterast gjennom søknad og tildelingsvedtak, dei skal kort og godt gjennomførast så snart behovet meldast inn enten frå brukar/pasient, pårørande, fastlege, spes.helseteneste eller eigne kommunale tenesteeiningar. Kva tenester som inngår i denne kategorien kan definerast ved bruk av døme. Formålet er å fjerne uhensiktsmessig saksbehandling og å gjennomføre tenestene utan opphald.

Livsløpsutvalet 12.02.2026

Livsløpsutvalet støttar merknaden frå Eldrerådet i saka.

- Vurdere å auke ressursane på tildelingskontoret
- behov for auka fokus på pårørandestøtte

Innstilinga med merknad vart samrøystes godkjent.

LU - 006/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtek "Rettleiande tildelingskriterier for helse- og omsorgstenester" slik dei ligg føre i saka.

Råd for menneske med funksjonsnedsetting 12.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjent.

RMF - 003/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtek "Rettleiande tildelingskriterier for helse- og omsorgstenester" slik dei ligg føre i saka.

Giske ungdomsråd 10.02.2026

Ungdomsrådet tok saka til vitande utan å gå inn i behandling av den.

GUR - 005/26 Vedtak:

Tatt til vitande.

Giske eldreråd 09.02.2026

Merknadar frå Eldrerådet:

- Vurdere å auke ressursane på tildelingskontoret
- behov for auka fokus på pårørandestøtte

ELD - 003/26 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre vedtek "Rettleiande tildelingskriterier for helse- og omsorgstenester" slik dei ligg føre i saka, med følgjande merknadar:

- Vurdere å auke ressursane på tildelingskontoret
- behov for auka fokus på pårørandestøtte



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske kommunestyre	26.02.2026	018/26
Giske formannskap	23.02.2026	016/26
Giske ungdomsråd	10.02.2026	006/26
Livsløpsutvalet	12.02.2026	007/26
Råd for menneske med funksjonsnedsetting	12.02.2026	004/26

Rettleiar koordinerte tenester barn og unge

Innstilling:

Giske kommunestyre vedtek rettleiaren slik han ligg føre i saka.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Formannskapet si tilråding vart samrøystes godkjend.

K - 018/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtek rettleiaren slik han ligg føre i saka.

Giske formannskap 23.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 016/26 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre vedtek rettleiaren slik han ligg føre i saka.

Livsløpsutvalet 12.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjent.

LU - 007/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtek rettleiaren slik han ligg føre i saka.

Råd for menneske med funksjonsnedsetting 12.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjent.

RMF - 004/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtek rettleiaren slik han ligg føre i saka.

Giske ungdomsråd 10.02.2026

Ungdomsrådet tok saka til vitande utan å gå inn i behandling av den.

GUR - 006/26 Vedtak:

Tatt til vitande.



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske eldreråd	09.02.2026	004/26
Giske formannskap	23.02.2026	017/26
Giske kommunestyre	26.02.2026	019/26
Giske ungdomsråd	10.02.2026	007/26
Livsløpsutvalet	12.02.2026	008/26
Råd for menneske med funksjonsnedsetting	12.02.2026	005/26

Revidert handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Innstilling:

Giske kommunestyre vedtek "Handlingsplan mot vald i nære relasjonar på Sunnmøre 2026-2030" slik den ligg føre i saka.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Formannskapet si tilråding vart samrøystes godkjend.

K - 019/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtek "Handlingsplan mot vald i nære relasjonar på Sunnmøre 2026-2030" slik den ligg føre i saka.

Giske formannskap 23.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 017/26 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre vedtek "Handlingsplan mot vald i nære relasjonar på Sunnmøre 2026-2030" slik den ligg føre i saka.

Livsløpsutvalet 12.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjent.

LU - 008/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtek "Handlingsplan mot vald i nære relasjonar på Sunnmøre 2026-2030" slik den ligg føre i saka.

Råd for menneske med funksjonsnedsetting 12.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjent.

RMF - 005/26 Vedtak:

Giske kommunestyre vedtek "Handlingsplan mot vald i nære relasjonar på Sunnmøre 2026-2030" slik den ligg føre i saka.

Giske ungdomsråd 10.02.2026

Ungdomsrådet tok saka til vitande utan å gå inn i behandling av den.

GUR - 007/26 Vedtak:

Tatt til vitande.

Giske eldreråd 09.02.2026

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

ELD - 004/26 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre vedtek "Handlingsplan mot vald i nære relasjonar på Sunnmøre 2026-2030" slik den ligg føre i saka.

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske kommunestyre	26.02.2026	020/26

Generalforsamling i Giske kommunale legesenter AS

Innstilling:

Det vart halde ordinær generalforsamling i selskapet den 26.02.2026.

Generalforsamlinga vart halde i rådhuset i Giske kommune.

Til stades var:

Giske kommune som representerer 100 aksjar. Soleis var alle aksjane representerte.

Dessutan møtte styreleiar Monika Vartdal Giske.

Til behandling låg:

1. Val av møteleiar

Ordføraren er møteleiar.

2. Godkjenning av innkallinga og dagsordenen

Det kom ikkje fram merknader til innkallinga. Innkallinga og dagsordenen vart godkjende.

3. Val av representant til å signere protokollen saman med møteleiaren

Underteikning følgjer elles møteprotokollen.

4. Godkjenning av styret sitt framlegg til årsrekneskap, medrekna disponering av årets resultat

Styret sitt framlegg til selskapet sitt årsrekneskap og årsmelding, samt revisjonsmelding, vart gjennomgått.

Årsrekneskapen vart samrøystes godkjend.

Det vart samrøystes vedteke å disponere årets resultat i samsvar med styret sitt framlegg.

Generalforsamlinga vedtok soleis samrøystes at underskotet på kr 686 070 vert overført til annan eigenkapital.

5. Val av styremedlemmer

Ingen styremedlemmer er på val.

Styret består heretter av følgjande personar:

Styreleiar Monika Vartdal Giske held fram i vervet.

6. Fastsetjing av styrehonorar for perioden 1. oktober 2025 – 31. mars 2026

Styreleiar: kr 59 000.

7. Val av revisor

Robust Rekneskap og Revisjon AS vart attvald som selskapet sin revisor.

8. Godkjenning av honorar til selskapet sin revisor

Det vart vedteke å dekkje revisors honorar etter rekning.

Giske kommunestyre 26.02.2026

Merknad om endring av punkt 6: Kr. 59.000 endrast til Kr. 69.000,-.

Innstillinga med merknad om endring av punkt 6 vart samrøystes godkjend.

K - 020/26 Vedtak:

Det vart halde ordinær generalforsamling i selskapet den 26.02.2026.

Generalforsamlinga vart halde i rådhuset i Giske kommune.

Til stades var:

Giske kommune som representerer 100 aksjar. Soleis var alle aksjane representerte.

Dessutan møtte styreleiar Monika Vartdal Giske.

Til behandling låg:

1. Val av møteleiar

Ordføraren er møteleiar.

2. Godkjenning av innkallinga og dagsordenen

Det kom ikkje fram merknader til innkallinga. Innkallinga og dagsordenen vart godkjende.

3. Val av representant til å signere protokollen saman med møteleiaren

Underteikning følgjer elles møteprotokollen.

4. Godkjenning av styret sitt framlegg til årsrekneskap, medrekna disponering av årets resultat

Styret sitt framlegg til selskapet sitt årsrekneskap og årsmelding, samt revisjonsmelding, vart gjennomgått.

Årsrekneskapen vart samrøystes godkjend.

Det vart samrøystes vedteke å disponere årets resultat i samsvar med styret sitt framlegg.

Generalforsamlinga vedtok soleis samrøystes at underskotet på kr 686 070 vert overført til annan eigenkapital.

5. Val av styremedlemmer

Ingen styremedlemmer er på val.

Styret består heretter av følgjande personar:

Styreleiar Monika Vartdal Giske held fram i vervet.

6. Fastsetjing av styrehonorar for perioden 1. oktober 2025 – 31. mars 2026

Styreleiar: kr 69 000.

7. Val av revisor

Robust Rekneskap og Revisjon AS vart attvald som selskapet sin revisor.

8. Godkjenning av honorar til selskapet sin revisor

Det vart vedteke å dekkje revisors honorar etter rekning.